



NORGES VASSDRAGS- OG  
ENERGIDIREKTORAT (NVE)  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

Dato: 26.09.2017  
Vår ref.: 2017/6453-9  
Saksbehandlar: talhals  
Dykkar ref.:

## **Søknad om løyve til å byggje Valdra kraftverk - fråsegn Hordaland fylkeskommune**

Viser til dykkar brev dagsett 19.06.17 om søknad om løyve til å byggje Valdra kraftverk i Etne kommune i Hordaland. Hordaland fylkeskommune har handsama saka i utval for kultur, idrett og regional utvikling, og i fylkesutvalet. Fullstendig protokoll og saksframlegg ligg ved.

Sølve Sondbø  
Klima- og naturressurssjef

Tale Halsør  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Tore Slinning

Arkivnr: 2017/6453-6

Saksbehandlar: Tale Halsør

**Saksframlegg****Saksgang**

| Utval  | Saknr. | Møtedato   |
|--|--------|------------|
| Utval for kultur, idrett og regional utvikling | 108/17 | 13.09.2017 |
| Fylkesutvalet                                  | 223/17 | 20.09.2017 |

**Søknad om løyve til å byggje Valdra kraftverk - fråsegn Hordaland fylkeskommune****Samandrag**

KAMBO Energi AS i samarbeid med grunneigarane, søker om å byggje og drifte Valdra kraftverk i Etne kommune, inkludert overføring av 6 bekker til inntaket.

Området i dalen langs Valdraelva er rikt på fossile kulturlandskapstrekk, og innehar eit generelt stort potensiale for funn av forhistoriske kulturminne i marka. Vi finn det difor naudsynt med ei arkeologisk registrering for å få oppfylt undersøkingsplikta i høve Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner § 9.

Det er planlagt 6 bekkeinntak i området kring og over inntaket. Rørygater, grøfter og tilkomstvegar kan gi store sår i landskap som grensar mot høgfjellet og områder som blir revegeterte vil bruke lang tid på å gro att. Krav om utføring for å minimere fjern- og nærverknad av tiltaket på landskapsverdiar bør inngå i ein eventuell konsesjon. Det er truleg fossefall i elva. Livsgrunnlaget til fuglane i elva vil truleg få negativ innverknad av tiltaket og det bør iverksetjast avbøtande tiltak.

**Forslag til innstilling**

1. Fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune meiner at resultatane etter den arkeologiske registreringa bør liggje føre når konsesjonsavgjerda skal fattast. Fylkesutvalet ber om at tiltakshavar tek kontakt med Fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune for å få stadfesta omfang av registreringa og utarbeida eit kostnadsoverslag.
2. Det må stillast krav om tilstrekkeleg minstevassføring og oppsetting av reirkassar for å sikre gode levetilhøve for fossefall.
3. Inntak og dei 6 overføringane ligg i eit populært turområde. Utforming av tekniske inngrep bør vere så diskret som mogleg og anleggsvegar, rørygater og plassering av overskotmassar må tilpassast landskapet.

**Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 13.09.2017**

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling, pkt. 1 vart framsett endra frå kst.fylkesdirektør kultur og idrett til følgjande:

«1. For å unngå unødig konflikt med eventuelle automatisk freda - og andre verneverdige kulturminne seinare i prosessen, ber Fylkesutvalet om at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova vert utført før avgjerd om konsesjon vert fatta.»

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling**

1. For å unngå unødig konflikt med eventuelle automatisk freda - og andre verneverdige kulturminne seinare i prosessen, ber Fylkesutvalet om at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova vert utført før avgjerd om konsesjon vert fatta.
2. Det må stillast krav om tilstrekkeleg minstevassføring og oppsetting av reirkassar for å sikre gode levetilhøve for fossefall.
3. Inntak og dei 6 overføringane ligg i eit populært turområde. Utforming av tekniske inngrep bør vere så diskret som mogleg og anleggsvegar, røygater og plassering av overskotmassar må tilpassast land-skapet.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.og 21.09.2017**

**Benthe Bondhus (Sp)** sette på vegner av Sp, A, KrF, V, Frp og H fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Fylkesutvalet rår til konsesjon.
2. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak. Dersom det vert avdekt konflikt med automatisk freda kulturminne, må tiltaka justerast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som rett dispensasjonsmynde.
3. Det må stillast krav om tilstrekkeleg minstevassføring og oppsetting av reirkassar for å sikre gode levetilhøve for fossefall.
4. Inntak og dei 6 overføringane ligg i eit populært turområde. Utforming av tekniske inngrep bør vere så diskret som mogleg og anleggsvegar, røygater og plassering av overskotmassar må tilpassast landskapet.»

**Tom Sverre Tomren (MDG)** sette på vegner av MDG og SV fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Av omsyn til miljø, natur og friluftsliv fråår fylkesutvalet «Søknad om løyve til å byggje Valdra kraftverk».
2. Dersom NVE likevel skulle seie ja til tiltaket, føreset fylkesutvalet at følgjande føresetnader vert innfridde:

3. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak. Dersom det vert avdekt konflikt med automatisk freda kulturminne, må tiltaka justerast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som rett dispensasjonsmynde.
4. Det må stillast krav om tilstrekkeleg minstevassføring og oppsetting av reirkassar for å sikre gode levetilhøve for fossefall.
5. Inntak og dei 6 overføringane ligg i eit populært turområde. Utforming av tekniske inngrep bør vere så diskret som mogleg og anleggsvegar, rørgater og plassering av overskotmassar må tilpassast landskapet.»

### Røysting

Innstillinga fekk ingen røyster og fall.

Tomren sitt forslag fekk 2 røyster (MDG, SV) og fall.

Bondhus sitt forslag punkt 1 fekk 13 røyster (Sp, A, KrF, V, Frp, H) og vart vedteke.

Bondhus sitt forslag punkt 2, 3 og 4 vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Fylkesutvalet rår til konsesjon.
2. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak. Dersom det vert avdekt konflikt med automatisk freda kulturminne, må tiltaka justerast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som rett dispensasjonsmynde.
3. Det må stillast krav om tilstrekkeleg minstevassføring og oppsetting av reirkassar for å sikre gode levetilhøve for fossefall.
4. Inntak og dei 6 overføringane ligg i eit populært turområde. Utforming av tekniske inngrep bør vere så diskret som mogleg og anleggsvegar, rørgater og plassering av overskotmassar må tilpassast landskapet.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Lenke til søknad: <http://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/201207841/2100408>



## Fylkesrådmannen, 25.08.2017

KAMBO Energi AS i samarbeid med grunneigarane, søker om å byggje og drifte Valdra kraftverk i Etne kommune, inkludert overføring av 6 bekker til inntaket. Søknaden er sendt på høyring frå Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) med høyringsfrist 4. september 2017. Hordaland fylkeskommune har fått utsett frist for fråsegn til 25. september.

### 1. Prosjekt

#### 1.1. Områdeomtale


Vassdraget har utspring i eit ikkje så høgt fjellområde sør for Skånevik, og følgjer fjellryggen Prestafjellet mot tettstaden, der elva renn ut i Skåneviksfjorden. I øvre delar av prosjektområdet er det i hovudsak snaufjell, medan skog vert dominerande kring kote 600. Elva har jamnt fall, utan fossar eller innsjøar. Ho renn i kløftar eller gjel i delar av prosjektområdet. Inntaket ligg ved ein fråflytta fjellgard, og det er elles ein del infrastruktur i området, med skogsbilveggar og dyrka mark, og plantefelt og busetnad lenger nede i prosjektområdet. Nedre del av vassdraget er plastra og flaumførebygd grunna steinføring og erosjon.



Figur 1 Prosjektområdet er ved Skånevik i Etne kommune

#### 1.2. Prosjektskildring

Inntaket vil liggje på kote 325 og vere 3 meter høgt. Total lengde på råka elvestrekning inkludert overføringar er 3360 m. Det er planlagt overføring av 6 bekkar: to små bekkar vert overførte frå nordsida, dels i open grøft, dels med røyr. Total lengde på grøfter 40-50 meter og 120 meter i røyr til hovudinntaket. Frå sørsida av inntaket er det tenkt overført 4 bekkar i takrenne. Total lengde på røyr for overføring er 1380 m. Røyr gata vil vere om lag to km lang og vil i øvre delar følgje ny og eksisterande veg. Det vil bli bygd ei bru med 10 m spenn for å la røyr gata krysse elva. Nedstraums elvekryssinga vil røyr gata for det meste gå i skog. Kraftstasjonen er planlagt ved elvebredda på kote 50, og utlaupet vil gå rett nedanfor ein eksisterande betongdam som skal hindre steinføring i elva. Det er vedteke bygging av veg til den fråflytta garden Valdra, og bygging av veg er tenkt bygd samtidig med kraftverket. Denne vegen vil nyttast til bygging av kraftverk, og vil å forlengast med 100 m. Det er planlagt midlertidig anleggsveg til nedre del av traseen (mellom kraftstasjon og elvekryssing) og enkel ATV/traktorveg for tilkomst i driftsfasen til dei bekkeinntaka der det i dag ikkje er skogsveg. 280 m kabel vert gravd ned i vegen frå kraftstasjonen til tilknytingspunkt for nettet ved hovudvegen. Utbygginga er venta å koste 38 mill.kr og produsere 9 GWh årleg, der 5,5 GWh er vinterproduksjon. Utbyggingsprisen er 4,20 kr/kWh.



Figur 2 Tiltaksområdet med 6 bekkeinntak

Det er planlagt slepp av minstevassføring heile året tilsvarande alminneleg lågvassføring frå alle inntak, som tilsvarer 20 l/s frå hovudinntaket, og 2,3 l/s frå det største bekkeinntaket.

## 2. Verknad for natur og samfunn

For småkraftverk er det krav om at ein rapport om biologisk mangfald og hydrologi er lagt ved søknaden. Utover dette er det ikkje gjort faglege utgreiingar som del av søknaden. I det følgjande er dei viktigaste verknader for natur og samfunn presentert, som skildra i søknaden og den vedlagde rapporten om biologisk mangfald.

### 2.1. Landskap

Tiltaket vil føre til at eit område på 0,68 km<sup>2</sup> misser status som INON-område (1-3 km frå tekniske inngrep).

Vassdraget er ifølgje søknaden ikkje eksponert mot landskapsrommet, grunna tett skog og at elva har grave seg ned i terrenget. Det er tekniske inngrep i form av skogsveggar og køyrespor frå skogsdrift, som svekker landskapsverdien i området. I nedre del er vassdraget plastra og der er busetnad og generell infrastruktur.

Samla er konsekvensen for landskap og INON vurdert til *ubetydeleg/liten negativ*.

### 2.2. Biologisk mangfald

Det er registrert to raudlista artar innanfor influensområdet, ask og alm. Båe har status NT (nær truga). Det er ikkje venta at utbygginga vil få innverknad på artane, og konsekvensen er difor vurdert til *ubetydeleg/liten negativ*.

Verdien av biologisk mangfold vert i den vedlagde fagrapporten vurdert å vere middels. Det er kartlagt ein lokalt viktig naturtype i tiltaksområdet. Lokaliteten er ein edellauvskog, som ligg i ei 50 m lang stripe mellom elva og eit granplantefelt. Verdivurderinga er sett til C, og det er her dei to raudlisteartene, ask og alm er funne. Det er vurdert som truleg at der hekkar fossefall i elva, og det er denne arten som vil bli direkte råka av utbygginga, gjennom redusert næringstilgang og hekketilhøve. Det er elles eit generelt artsrikt område, med eit allsidig dyre- og fugleliv. Desse artane er ikkje knytte til tiltaksområdet og tiltaket vil truleg heller ikkje råke edellauvskogen, så konsekvensen av utbygginga er likevel vurdert å vere *liten negativ* for biologisk mangfold.

### 2.3. Fisk

Det er ikkje fisk eller elvemusling i Valdra innanfor tiltaksområdet. Allereie eksisterande betongdam ved planlagd kraftstasjon er vandringshinder, og elva er plastra og kanalisert på strekket frå betongdammen til fjorden, slik at den er sterkt redusert som gyteelv for anadrom fisk. Verdien av akvatisk miljø innanfor tiltaksområdet er vurdert til liten, og konsekvensen er vurdert til *liten negativ*.

### 2.4. Samfunn og andre brukarinteresser

Litt produktiv skog vil bli råka av utbygginga der røyrkata kryssar elva. Beiteområdene der røyrkata skal gravast ned vil bli råka i anleggsfasen, men det er ikkje venta konsekvensar for landbruk i driftsfasen.

Det er turstiar i området, men ingen av desse blir direkte råka av utbygginga utover anleggsfasen. Ferdslang langs elva vil kunne få redusert opplevingskvalitet grunna lågare vassføring. Grunneigarar driv noko jakt i området, men det er ikkje venta at tiltaket får konsekvensar for dette i driftsfasen.

Tiltaket er vurdert å ha *liten til ubetydeleg negativ* konsekvens for andre brukarinteresser.

Tiltaket vil gi auka skatteinntekter, sikre inntekter til grunneigarar og tiltakshavar og sysselsetting, som alt er med på å sikre verdiskaping i eller nær Etne kommune. Tiltaket er vurdert å ha *liten positiv* konsekvens for lokalsamfunnet.

## 3. Vurdering og tilråding

Hordaland fylkeskommune har vurdert tiltaket som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern. I tillegg er dei planlagde tiltaka vurdert opp mot relevant regelverk og verknad på andre, ålmenne interesser. Fylkesdelplan for små vasskraftverk, med retningslinjer for planlegging og forvaltning, ligg til grunn for vurderingane. I tillegg til delplanen har fylkeskommunen utarbeidd ei verdivurdering av friluftsliv<sup>1</sup> i Hordaland, som også er nytta i vurderingane. *Fylkesdelplanen* slår fast følgjande overordna ramme for småkraftutbygging i Hordaland:

|    |  |
|----|--|
| R1 | Hordaland er positiv til bygging av små vasskraftverk der omsyn til miljø og andre arealinteresser er ivareteke. Verdiskaping for samfunnet skal også vurderast. |
|----|--|

### 3.1. Kulturminne og kulturmiljø

Hordaland fylkeskommune har eit særleg ansvar for å ivareta kulturminneinteressene, og tiltaka sin verknad på kulturminne og kulturmiljø skal avklarast og vurderast med tanke på verneverdi. I tillegg til forminne og bygningar/bygningsmiljø, gjeld dette også steingardar, gamle ferdselsårer, utmarksminne, tekniske kulturminne og kulturlandskap.

I våre arkiv er det ikkje kjend automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne innafør tiltaksområdet. I samband med søknad om bygging av landbruksveg opp til Valdra i 2013, blei det gjennomført ei arkeologisk registrering langs den omsøkte vegtraséen (vegtrasé markert i søknadskart frå

<sup>1</sup> *Område for friluftsliv. Kartlegging og verdsetting av regionalt viktige område i Hordaland*. 2008. I samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland.



2013 ligg vedlagt). I høve vår fråsegn datert 10.06.2013, blei det ikkje påvist automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne knytt til omsøkt vegtrasé, men området elles i dalen langs Valdraelva er rikt på fossile kulturlandskapstrekk, og innehar eit generelt stort potensiale for funn av forhistoriske kulturminne i marka.

Planlagt trasé for veg fram til hovudinntaket ved Valdra i konsesjonssøknaden, er i vesentlige områder ikkje samsvarande med planen for landbruksvegen som var gjenstand for den arkeologiske registreringa i 2013. Ut frå nye terrenginngrep knytt endra veg over Valdra, bygging av kraftstasjon med tilkomstveg og rørgater, finn vi det naudsynt med ei arkeologisk registrering for å få oppfylt undersøkingsplikta i høve Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner § 9.

Ettersom dette er ei kraftsak meiner Fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune at resultatane etter den arkeologiske registreringa bør liggje føre når konsesjonsavgjerda skal fattast. Slik vil ein ha mest mogeleg informasjon for handa i samband med vurderinga av utbygginga, og kan tidlegast mogeleg i planprosessen fastslå verknadane av planlagde inngrep og eventuelt fremje avbøtande tiltak.


Vi gjer merksam på at planane må reviderast, eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som dispensasjonsmynde, dersom det viser seg at tiltak kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne.

I medhald av kulturminnelova §§ 9 og 10, må kostnadene ved registreringa betalast av tiltakshavar. Vi ber vi om at tiltakshavar tek kontakt med Fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune for å få stadfesta omfang av registreringa og utarbeida eit kostnadsoverslag.

### 3.2. Landskap



Figur 4 Verdikart "fjordlandskap"



Figur 3 Verdikart "sårbart høgfjellsområde"

Prosjektområdet grensar opp mot eit sårbart høgfjellsområde av stor verdi. Bakgrunnen for verdisettinga er at dette er del av eit INON-område, og dessutan eit regionalt friluftsområde. Tiltaket vil redusere INON-området med 0,68 km<sup>2</sup>. Då tiltaket ikkje går inn i høgfjellsområdet, er det heller ikkje grunnlag i Fylkesdelplanen til å vurdere at tiltaket vil forringe verdiar knytt til landskapet i høgfjellet.

Tiltaksområdet ligg i eit landskap vurdert som fjordlandskap av middels verdi i Fylkesdelplanen. Det er ikkje knytt retningslinjer i planen til områder med denne verdisettinga. Som det kjem fram frå søknaden er nedre del av tiltaksområdet i stor grad påverka av tekniske inngrep og busetnad. Det er denne delen av

landskapet som er synleg frå fjorden, og fylkesrådmannen vurderer ikkje tiltaket til å få innverknad på registrerte landskapsverdiar.

### 3.3. Biologisk mangfald

Konsekvensane for utbygginga på biologisk mangfald råkar fuglane som knytte til elva. Fossefall hekkar truleg langs elva. Fylkesdelplanen slår fast at:

|    |   |
|----|---|
| R5 | <p><b>Biologisk mangfald:</b></p> <p>3. For elvar som fungerer som hekkeområde for vintererle eller fossefall må det setjast krav om naudsynt minstevassføring. (...). For fossefall kan oppsetting av egne reirkassar vere eit avbøtande tiltak der trygge reirplassar forsvinn.</p> |
|----|---|


I rapporten om biologisk mangfald som ligg ved søknaden er det understreket eit behov for minstevassføring, reirkassar for fossefall, og forslag til kvar i traseen kassane bør plasserast. På grunnlag av retningsline R5 i fylkesdelplanen vurderer fylkesrådmannen at det må setjast krav om tilstrekkeleg minstevassføring for å sikre tilstrekkeleg produksjon i elva til å halde oppe bestanden av fossefall og at reirkassar vert sett opp etter tilråding i rapport om biologisk mangfald.

### 3.4. Fisk

Det er ikkje funne fisk i elva.

### 3.5. Samfunn og andre brukarinteresser

Turlaget har ei løype som går frå Asheim, oppover dalen og vidare innover fjellet. Her er det parkering ved Valdra seter, det vil seie i området ved inntak og overføringar. Området vert nytta som oppfartsåre til friluftsområda oppe på fjellet, men det er ikkje kjent store friluftstinteresser i området. I Fylkesdelplanen er området vurdert til middels verdi. Det er planlagt 6 bekkeinntak i området kring og over inntaket. Denne typen tiltak kan gi tverrgåande liner i landskapet, som dimed blir meir markante enn røygater og vegar langs elvestrengen som følgjer linene i landskapet. Røygater, grøfter og tilkomstvegar kan gi store sår i eit friluftsområde, og opp mot høgfjellet, der vegetasjonen er skrinn vil slike inngrep vere godt synlege og områder som blir revegeterte vil bruke lang tid på å gro att. Krav om utføring for å minimere fjern- og nærverknad av tiltaket på landskapsverdiar bør difor inngå i ein eventuell konsesjon.



Figur 5 Verdikart "friluftsområde"

KAMBO energi er eit lokalt firma frå Etne og det er grunn til å tru at prosjektet vil gi lokal verdiskaping, i tillegg til lokale skatter og eventuell sysselsetting i anleggsperioden.

## 4. Oppsummering og tilråding

Det planlagde småkraftanlegget med røygater, inntak og vegar vil ligge i ein dal med stort potensial for funn av kulturminne. Det er difor behov for arkeologiske registreringar i prosjektområdet for å skaffe tilstrekkeleg kunnskap om konsekvensane av utbygginga, før ein vurderer konsesjonsspørsmålet.

Det er fossefall i elva og eit elles artsrikt område. Det bør gjennomførast avbøtande tiltak for å redusere konsekvensane for fuglelivet i elva.

Det er planlagt 6 bekkeinntak i området kring og over inntaket. Rørygater, grøfter og tilkomstvegar kan gi store sår i eit slikt friluftsområde, og i grense mot høgfjellet vil slike inngrep vere godt synlege og områder som blir revegeterte vil bruke lang tid på å gro att. Krav om utføring for å minimere fjern- og nærverknad av tiltaket på landskapsverdiar bør inngå i ein eventuell konsesjon.